

## Bacheloroppgåve

**NTNU**  
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

Ida Utmo

# EU-innvandring: Grunnprinsipp for EU eller drivkraft for EU-skepsis?

Ein komparativ studie av EU-skepsis i Storbritannia og Nederland

Bacheloroppgåve i MLSAM

Veileder: Marius Wishman

Mai 2019



# EU-innvandring: Grunnprinsipp for EU eller drivkraft for EU-skepsis?

Ein komparativ studie av EU-skepsis i Storbritannia og Nederland

Namn: Ida Utmo

Kandidatnummer: 10098

Emnekode: POL2900

Emnegruppe: Komparativ politikk

## **Abstrakt**

EU-skepsis er ei utfordring for EU som er komen for å bli. Dette problemet har såleis mange bakanforliggjande forklaringar. Mange forskrarar har undersøkt korleis innvandring kan forklare EU-skepsis, og viser til kva type innvandring som fører til auka EU-skepsis i Europa. Det er her forskinga mi på EU-innvandring kjem inn, som analyserer EU-skepsisen i Nederland og Storbritannia nærmare. Forskinga viser at EU-innvandring er meir mangfaldig enn først anteke ved å undersøkje sentral- og austeuropéisk innvandring, som inneheld eit stort spenn. Dette viser at forsking behandlar EU-innvandring på eit overordna nivå, som misser viktige koplingar mellom EU-skepsis og innvandring frå EU som denne komparative studien opplyser om.

# Innhald

<b>1 Innleiing.....</b>	<b>4</b>
<b>2 Utgreiing om perspektiv og sentrale omgrep.....</b>	<b>4</b>
2.1 Utgreiing om dei sentrale omgropa EU-skepsis og EU-innvandring .....	4
2.2 Danning av teoretisk modell: Frå EU-innvandring til EU-skepsis? .....	5
2.3 Eiga teoretisk ståstad om danninga av EU-skepsis .....	8
<b>3 Metode .....</b>	<b>9</b>
3.1 Val av dei to caselanda .....	10
3.2 Val av variablar for EU-skepsis, EU-innvandring og innvandringspopulasjon.....	10
<b>4 Analyse .....</b>	<b>12</b>
4.1 Presentasjon av caselanda Nederland og Storbritannia .....	13
4.2 Andre moglege innverknadsfaktorar på EU-skepsis og utfordringar.....	13
4.3 Analyse av tillit til Europaparlamentet .....	14
4.4 Samanhengen til EU-innvandring og tillit til Europaparlamentet .....	15
4.4.1 Funn 1: Nedgang i tillit og auke EU-innvandring i 2008-2010 i Storbritannia .....	16
4.4.2 Funn 2: Fall i tillit i Nederland i 2011, på tross av stabil EU-innvandring .....	16
4.5 Kritikk av McLaren .....	17
4.5.1 Funn 3: Store skilnadar i innvandringspopulasjon frå CEE-land .....	17
4.5.2 Funn 4: Store skilnadar i kvar EU-innvandringa kjem frå.....	19
4.6 Oppsummering av funna og deira aktualitet for EU-skepsis .....	20
<b>5 Konklusjon .....</b>	<b>21</b>
<b>6 Figurar.....</b>	<b>23</b>
6.1 Figur 1: Tillit til Europaparlamentet.....	23
6.2 Figur 2: Prosentandel EU-innvandring i forhold til befolkningstal .....	23
6.3 Figur 3: Innvandringspopulasjon i prosent i forhold til befolkning 2017.....	24
<b>7 Bibliografi .....</b>	<b>25</b>

# **1 Innleiing**

Eit hovudpremiss for eurosamarbeidet er den interne flyten av menneskjer (Jackson 2011:14). Denne interne flyten av menneskjer skal forskast på igjennom EU-innvandring, og denne oppgåva vil vurdera om denne EU-innvandringa kan vera grobotn for danning av EU-skepsis i EU-medlemsland. Dette gir følgande problemstilling for oppgåva: Korleis kan EU-innvandring verke inn på EU-skepsis? I utforskinga av dette blir det gjennomført ein komparativ studie av Storbritannia og Nederland, som er to EU-skeptiske land som har ulik EU-innvandring. Igjennom relevant teori og data om EU-skepsis og EU-innvandring vil det visast korleis desse to vesteuropeiske landa har store skilnadar innan EU-innvandring og korleis dette vidare kan føre til endringar i EU-skepsis. I utforskinga av dette finn ein kritikk av ein *for* generell tilnærming til EU-innvandringsgrupper, som CEE-innvandring, som ikkje opnar opp for å vise dei ulike samanhengane EU-innvandring har på EU-skepsis.

## **2 Utgreiing om perspektiv og sentrale omgrep**

I denne teoridelen av oppgåva vil det først utgreiast om dei sentrale omgropa for oppgåva, om tidlegare forsking på EU-skepsis, og ein gjennomgang av dei sentrale teoretiske haldepunkta som skal nyttast i analysedelen. Grunna oppgåva sin kvalitative natur vil teorikapittelet vera essensielt for drøftinga av funna i analysedelen. I siste del av dette kapittelet vil eg presentere mitt eige teoretiske standpunkt om samanhengen mellom EU-innvandring og EU-skepsis.

### **2.1 Utgreiing om dei sentrale omgropa EU-skepsis og EU-innvandring**

Euroskeptisme er eit omgrep som refererer til ein skepsis til den europeiske union i faglitteraturen. Før den valde definisjonen kjem fram vil eg kort skissere korleis omgrepet euroskeptisme har utvikla seg over tid. Boomgaarden, Schuck, Elenbaas & de Vreese (2011) viser til korleis omgrepet har utvikla seg i løpet av dei to siste tiåra (2011:242). Dei viser til at i eldre forsking har konseptet vorte referert til som EU-støtte (Duch and Taylor 1997:67). Her omhandlar EU-støtte offentleg støtte til EU, men omgrepet har i seinare tid vorte mindre nytta, og euroskeptisme har vorte meir brukt (Boomgarden et al., 2011:242). Baute, Abts & Meuleman (2019) definerer euroskeptisme som ein negativ haldning til europeisk integrering eller til den europeiske unionen (2019:5).

Det mest sentrale omgrepet og forskingsobjektet i denne oppgåva er EU-skepsis. Omgrepet skal definerast igjennom å vege det opp mot euroskeptisme. Bakgrunnen for at ordet EU-skepsis

vert nytta er at det går direkte inn på ein skepsis til den europeiske union, og ikkje kan forvekslast med ein skepsis til eurovalutaen. Karner (2013) viser til at EU-skepsis er satt saman av fleire ulike viktige tematikkar: Utviding til fleire EU-medlemsland, EU sin makteslausheit, men *aller* tyngst veg maktbalansen mellom EU som heilheit og dei 28 individuelle medlemslanda (2013:252). Her ligg skilnaden mellom overnasjonal og nasjonal suverenitet. For ein vidare avgrensing ynskjer eg å lyfte fram Lubbers & Sheepper (2005) sin klargjering av euro-skeptisme. Deira definisjon plasserer seg i lik linje med Karner ved å forklare at euro-skeptisme oppstår i den europeiske befolkninga, som nektar å gi meir makt til overstatlege institusjonar og avviser EU (2005:224). For å summere opp kva EU-skepsis definerast som vil eg nytta både Lubbers & Sheepper (2005) og Karner (2013) sine haldepunkt. Dette resulterer i denne definisjonen av EU-skepsis: Ein motstand mot å gi overstatlege EU-*institusjonar* meir makt og ein motstand til å gi auka grad av overstatleg makt frå EU-medlemslanda til EU-*organet* som heilheit.

EU-innvandring er i likhet med EU-skepsis eit omgrep som må utdjupast og forklarast før det kan anvendast i analysen. På generell basis er den interne flyten av menneskjer innanfor EU eit av hovudprinsippa som den europeiske union er tufta på (Jackson 2011:14) (Dyrberg, Bjørgan, Aarthun & Sjøgård 2015:3). Denne fridommen legg føringar på EU-innvandring, difor måtte dette greiast ut om før eg kan definere EU-innvandringsomgrepet. Definisjonen av EU-innvandring vil vera vesentleg for denne oppgåva. Ordet innvandring er ein del av det større konseptet migrasjon. Migrasjon vert definert av OECD som all bevegelse av menneskjer som går inn (immigrasjon) eller ut (emigrasjon) av spesifikke land (OECD 2019). På basis av denne definisjonen blir EU-innvandring den delen av migrasjonen som inneberer bevegelse av menneskjer som går inn til EU-medlemsland (immigrerer), som kjem frå andre EU-medlemsland. Datamaterialet i analysedelen går direkte inn på EU-innvandring og vidare sjåast det nærmare på CEE-innvandring. CEE-innvandring blir definert av Toshkov og Kortenska (2015) som EU-innvandring som kjem frå sentral- og austeuropaiske land (2015:910).

## **2.2 Danning av teoretisk modell: Frå EU-innvandring til EU-skepsis?**

I drøftinga av korleis innvandring kan spele inn på EU-skepsis vil eg lene seg på eit teoretisk rammeverk av fleire forskrarar i fagfeltet. Her vil eg ta med ulik faglitteratur som ser på EU-innvandring sin innverknad på EU-skepsis, før eigne teoretiske argument lyftast fram. Det teoretiske materialet vil gi forklaringar på korleis EU-skepsis vert danna og lister opp sentrale idear som vil bli ytterligare drøfta i analysedelen.

Det første teoretiske haldepunktet for denne oppgåva kjem frå McLaren (2001) som argumenterer for at fleirtalet av EU-borgarar ikkje differensierer mellom europeisk migrasjon og ekstern migrasjon (2001:81). Dette inneberer i vår samanheng at borgarane heller ikkje har eit skilje mellom haldninga om innvandring frå EU eller eksternt frå EU. McLaren (2001) konstaterer at sidan EU-borgarar ser intern og ekstern migrasjon som identiske ser ikkje majoriteten av EU-borgarar behovet for å behandle EU-innvandrarar fordelaktig i forhold til migrantar som kjem eksternt frå EU (2001:102).

Jeanett (2018) plasserer seg imot dette argumentet om intern og ekstern EU-migrasjon frå McLaren (2001). Artikkelen til Jeanett (2018) tek spesifikt føre seg forholdet mellom offentlege haldninga til EU og intern EU-migrasjon. Ho lyfter fram eit viktig poeng for EU-innvandring sidan ho ser på innvandringsgrupper som avgjerande for tankar om EU-medlemsskap, og om dette blir sett på som gunstig for EU-borgarar (2018:1). Dette står i kontrast til McLaren, og Jeanett (2018) kritiserer offentleg haldningsforsking om EU for å ha ignorert verknaden av interne migrasjonsmønster for europeiske haldningsdanningar (2018:3). Jeanett argumenterer for at ein høgare grad av migrasjon frå EU-borgarar frå sentral- og aust-europeiske land har ein innverknad på om at vest-europeiske borgarar ser deira EU-medlemsskap som mindre fordelaktig (2018:1). Som er relevant for denne oppgåva som forskar på to vesteuropeiske land.

Etter å ha teke føre meg to ulike perspektiv på korleis EU-innvandring verkar inn på haldninga til EU, vil eg no sjå på eit tredje. Toshkov & Kortenska (2015) sin vinkling på EU-skepsis tek føre seg fire land, deriblant Nederland (2015:910). Forskinga finn at ein høgare grad av CEE-innvandring resulterer i ein lågare støtte for europeisk integrasjon i vertssamfunna for denne typen innvandring (2015:910). Europeisk integrasjon er i denne samanhengen prosessen som knyt EU-medlemsland tettare politisk, økonomisk og samfunnsmessig (2015:910). Vidare tek dei føre seg kva dette hovudfunnet fører med seg av konsekvensar for EU som heilheit, igjennom spørsmålet om framtida til europeisk integrasjon bærekraftig dersom auka intern EU-migrasjon og motstanden ein ser i vesteuropeiske samfunn fortset slik som den gjer no (2015:911). I konklusjonen viser Toshkov & Kortenska (2015) til eit auka press på EU-integrasjon grunna CEE-innvandring (2015:910).

Forskarane Otjes & Katsanidou (2017) omtalar nokre av dei tidlegare nemnte teoretikarane i si forsking, men skil seg ut sidan dei ser på samanhengen mellom høg netto innvandring, og borgarar som er imot innvandring som vert meir EU-skeptiske (2017:315). Her viser dei til

korleis EU-skepsisen blir høgare i land med større innvandring, og at denne prosessen skjer i den delen av befolkninga som er imot innvandring allereie. Dette kan me sjå på som ein mekanisme for danning av EU-skepsis. Vidare viser Otjes & Katsanidou (2017) til fleire mekanismar for korleis EU-skepsis oppstår i samverke med immigrasjon, som også er relevant for problemstillinga. Her nemnast ei oppfatning om at den europeiske union blir sett på som grunnen til tilstrøyminga av immigrantar, sidan EU dannar ein felles arbeidsmarknad som avgrensar medlemslanda sin evne til å regulere innvandringa til landet sitt (2017:305).

Ein anna interessant observasjon Otjes & Katsanidou (2017) gjer seg omhandlar EU-prosjektet. Dei viser til at når EU-prosjektet tidlegare kun var oppteken av å skapa ein felles indre marknad stod EU sterkare enn den gjør i dag, og peiker på gjeldskriser som eit uromoment for unionen (2017:305). Desse problematikkane og uromomenta blir sett på forskjellig ut ifrå den geografisk plasseringa ein har i Europa (2017:314), som står sentralt i artikkelen deira. Meir direkte er haldningar til EU, innvandring og økonomiske problem avhengig av kvar i Europa ein oppheld seg. Dette argumentet viser fordelen med å ta føre seg to spesifikke land for å sjå korleis desse, i sin vesteuropeiske kontekst, kan gi ein større innsikt i korleis EU-innvandring verkar inn på EU-skepsis.

To teoretikarar som viser til viktige innsikter rundt EU-skepsis er Geddes (2018) og Kavio-Oja & Lauraéus (2018). Geddes (2018) poengterer korleis haldningar rundt innvandring og europeisk integrasjon har danna ei ny transnasjonal kløft med potensielle mektige strukturelle effektar på europeisk partipolitikk (2018:129). Med transnasjonal kløft meinast det at haldningar rundt innvandring og europeisk integrasjon vert meir og meir avskilte. Den moglege effekten haldningar til innvandring kan ha på tvers av nasjonar er alvorleg, og slike endringar er ikkje Geddes (2018) åleine om sjå konsekvensane av. Kavio-Oja & Lauraéus (2018) har teke føre seg EU-skepsis direkte på EU-nivå og observerer i tidsrommet frå 2004 til 2018 at det har skjedd ein nedgang i tillit til EU frå 50 til 40 prosent i dette tidsrommet (2018:36).

Til no har det vorte lyfta fram teori som skisserer ulike blikk på innvandring sin innverknad på haldningar om EU-skepsis. Kort summert har viktig innsikt for EU-skepsis vore: Geografisk plassering i Europa, transnasjonale verknadar som kan true EU, ein nedgang i tillit til EU, mekanismar mellom dei innvandringskritiske og EU-skeptiske og til slutt korleis spesifike typar EU-innvandring kan påverke haldningar til EU. Med dette teoretiske bakteppet vil eg no plassere min teoretiske plassering i forhold til fagdiskursen. Her vil eg sjå på dei mekanismane

som dukkar opp i mi analyse når eg ser på samanhengen mellom tillit til Europaparlamentet og EU-innvandring i Nederland og Storbritannia.

### **2.3 Eiga teoretisk ståstad om dannninga av EU-skepsis**

I arbeidet med å forstå og hente inn sentrale argument frå fagfeltet blei differensiering mellom ulike innvandringsgrupper sett på som fordelaktig i gjennomgåingen av grunnane for EU-skepsis (Ford 2011:1017)(Toshkov & Kortenska 2015:910)(Jeanett 2018:1). Om ein skal forska på EU-innvandring sin innverknad må ein sjå på faktorane som utgjer nettopp dette. Her tok eg føre meg nokre poeng frå eksisterande teori, og samla saman det eg vil peike på som avgjerande i prosessen av dannninga av EU-skepsis.

Konklusjonen frå Otjes & Katsanidou (2017) viser at tematikken rundt europeisk integrasjon ikkje er assosiert med dei same problematikkane på tvers av Europa (2017:314). Her poengterer dei at forholdet mellom haldninga til EU, innvandring og økonomiske problem, avhenger av den samfunnsmessige og økonomiske konteksten (2017:314). Dette er eit sentralt poeng som eg ønsker å ta med i eiga forsking på EU-skepsis, spesielt sidan innvandrargrupper har vorte peika på av fleire teoretikarar som sentralt for EU-skepsis (Ford 2011:1017)(Toshkov & Kortenska 2015:910)(Jeanett 2018:1). Haldningane til befolkninga i to vestlege EU-medlemsland vil vera forskjellig frå andre land i Aust-Europa for eksempel, og difor vil eg sjå på kva innsikt to vesteuropeiske land, Nederland og Storbritannia, kan gi oss om EU-skepsis.

Nancy Jacques (2016) beskriv viktige tidsepokar for tillit til EU i ein forklarande studie frå 2016. Denne gir oss nokre haldepunkt for mi analyse av tillit til Europaparlamentet i Storbritannia og Nederland. Jacques (2016) peiker i sin studie på ulike faktorar som er viktige for tilliten i EU. Mellom anna såg ho på: Året 2004 (då EU vaks til 25 medlemsland), finanskrisa, flyktningkrisa og Brexit (2016:15). Denne teorien er nyttig sidan den kan kartlegge nokre av dei store faktorane som har verka inn på tilliten til EU over tid.

Vidare vil eg greie ut om korleis eg vil ta føre meg EU-innvandring i forhold til EU-skepsis. I Toshkov & Kortenska (2015) sin avgrensing av kva type innvandring som er avgjerande for dannning av haldninga rundt EU-medlemsskap (2015:910), såg eg det som viktig å konkretisere dei ulike innvandringsnivåa frå to vesteuropeiske land. I motsetning til Toshkov & Kortenska (2015) såg eg det som problematisk å kun ta føre meg CEE-innvandring som ei gruppe i forskinga mi. Dette resulterte i at eg delte innvadringstala frå Sentral- og Aust-Europa etter kva

land denne innvandringa kjem frå. Eg ser det som fordelaktig å utforske kva land som inngår i denne typen innvandring, og om innsikt frå desse landa kan vera ein av årsakane til at EU-skepsisen er ved dei gitte nivåa i Nederland og Storbritannia.

Eit viktig argument for mi teoretiske tilnærming til samanhengen mellom EU-innvandring og EU-skepsis visast i analysen av innvandringspopulasjonen frå CEE-land. Her visast tala for mengda innvandringspopulasjon for kvart av desse 11 CEE-landa som viser meir spesifikt kvar EU-innvandringa kjem frå og korleis den artar seg. Det er her eg finn hovudkritikken til Toshkov og Kortenska (2015). Denne kritikken står sentralt i denne oppgåva og stiller spørsmål ved å behandle ein type EU-innvandring som ein kausal samanheng mellom CEE-innvandring og EU-skepsis. Samanhengen som blei skissert no vil gi rom for argumentet mitt for at EU-skepsis burde forskast på i den konteksten den oppstår, med dei spesifikke kombinasjonane som er viktige for skapinga av EU-skepsis. Utan desse samanhengane vil ein ikkje sjå mangfaldet innanfor CEE-innvandring som viser seg som viktig i danninga av EU-skepsis i Nederland og Storbritannia.

### 3 Metode

I denne oppgåva gjerast det ein kvalitativ komparativ analyse av to land for å belyse EU-skepsis. Denne oppgåva er kvalitativ sidan den tek føre seg kun desse to landa, og samanliknar desse. Målet for denne metoden skal kunne undersøkje korleis EU-skepsis har endra seg over tid og korleis EU-innvandring har verka inn på dette. Sidan tidspunktet for når faktorar for EU-skepsis verkar inn på eit land er avgjerande og komplekse, vil denne oppgåva sin kvalitative natur forsøke sjå desse faktorane og kartlegge dei.

EU-skepsis som tidlegare nemnt er eit tema som er mangfaldig. Difor samanliknar eg ulike perspektiv frå forskjellige forskrarar i analysen av dei viktige funna i oppgåva for å framheve denne mangfaldigheita. På basis av talmaterialet som eg har henta ut om tillit til Europaparlamentet, EU-innvandring og innvandringspopulasjon for Nederland og Storbritannia vil eg sjå på kva faktorar som er viktige å kartlegge. Denne kartlegginga og analysen av utløysande faktorar for EU-skepsis skal basere seg på relevant fagstoff og merkbare endringar i EU-skepsisen til desse to landa. Forskingsdesignet eg valde for denne oppgåva er MDSD (Most Different System Design) sidan det undersøkjast to land som har forskjellig grad av EU-innvandring og forskjellig grad av tillit til Europaparlamentet, men har som fellestrekksatt dei er lokalisert i Vest-Europa.

### **3.1 Val av dei to caselanda**

Valet av land er i denne oppgåva svært sentralt sidan det medfører store verknadar i korleis EU-skepsis blir vist. Eg valde å sjå nærmare på Nederland og Storbritannia når eg skulle utforske problemstillinga mi. I denne utveljingsprosessen måtte eg sjølvsgart finne to EU-medlemsland som har liknande økonomisk situasjon, ligg i tilnærma lik geografisk plassering i Europa, men som er forskjellig på punktet der mi analyse kjem inn, sidan det er to land som er forskjellige når det kjem til EU-skepsis og EU-innvandring. Sidan det er EU-skepsis som skal forklarast her ville eg ta føre meg to vesteuropeiske land som også gjorde det mogleg å sjå på dette i frå ein vesteuropeisk ståstad. Dette er for å utforska Otjes & Katsanidou (2017) sitt poeng om at europeisk integrasjon ikkje blir sett på som avhengig av dei same problema på tvers av Europa (2017:314). Ein anna moglegheit som dette valet skapar er at ein kan sjå på sentral- og austeuropeisk innvandring i tillegg til å utforske EU-innvandringstala til dei to landa.

I prosessen av val av land var det i tillegg viktig for meg å prøve å sjå på to land som hadde ein betydeleg grad av EU-innvandring og EU-skepsis som det var mogleg å spore. Skilnaden i nivå her skal kunne opne for å sjå samanhengar dette har med grad av tillit til Europaparlamentet. Til slutt blei valet av land påverka av eg ønska å sjå på to EU-medlemsland som ikkje vart hardast råka av den europeiske gjeldskrisa, som har vist seg å vera ein faktor som har spelt ein stor rolle i haldningsoppbygginga rundt EU i Sør-Europa, i land som for eksempel Hellas og Spania (Otjes & Katsanidou 2017:301).

### **3.2 Val av variablar for EU-skepsis, EU-innvandring og innvandringspopulasjon**

I litteraturen visast det til EU-skepsis og euroskeptisme, men for å finne konkrete målingar på EU-skepsis måtte eg sjå på variabelen som viser tillit til Europaparlamentet som variabel i denne oppgåva. Dette gjorde at data om EU-skepsis hentast frå variabelen som måler kor stor tillit befolkninga har til Europaparlamentet, og ikkje EU-skepsis direkte. Kort fortalt er Europaparlamentet eit supranasjonalt organ innanfor EU av representativt demokrati (Roederer-Rynning & Greenwood 2016:748). Denne oppgåva er heller ikkje den første som nyttar tillit til Europaparlamentet som indikator i forskinga på EU sin vellukkaheit (Evrasti 2008:132). For å forske på EU-skepsis har eg nytta meg av tal frå Eurostat (2017) sin database som viser kor stor prosent av befolkninga som har tillit til Europaparlamentet i Nederland og Storbritannia. Denne variabelen er basert på talet respondentar som har valt å svare «tend to

trust» iblandt desse alternativa: «Tend to trust», «tend not to trust», «don't know» og «no answer» (Eurostat 2017).

Data på EU-innvandring i Nederland er henta frå StatLine (Statistics Netherlands 2019), og EU-innvandringdata frå Storbritannia er henta frå Office for National Statistics (2019). Desse innvandringstala blei korrigert for befolningsstorleiken i Nederland og i Storbritannia som er henta frå verdsbanken (World Bank 2017), sidan dette er to land med stor skilnad i befolningsstorleik. Dette gjorde det mogleg å danne ein EU-innvandringsprosent i forhold til befolkning for både Nederland og Storbritannia.

Tidspennet eg valde å ha for dei ulike variablane mine blei så stort som mogleg ut ifrå datatilgjengelegheta. Sidan eg ynskjer sjå korleis EU-innvandringa og tilliten har endra seg over tid ville eg finne dei mest dekkjande variablane for dette. Her valde eg å sjå på innvandringa frå internt i EU-landa i tidspennet 2008-2017. Tidsperioden for tillit til Europaparlamentet vart satt heilt tilbake til 1999 og fram til 2018, sidan dette var mogleg å hente fram frå Eurostat (2017). Eg såg det som viktig å ha med så mykje data som mogleg angåande tillit sidan det er hovudfokuset for oppgåva. Desse to variablane overlappar i tid og slik er det mogleg å sjå heilheitleg på kva endringar som har skjedd i EU-skepsis og i EU-innvandring hjå desse to landa frå 2008 til 2017.

I tillegg til å innhenta data om tillit til Europaparlamentet og prosentdel EU-innvandring, såg eg også moglegheita til å hente ut data for innvandringspopulasjonen desse to landa hadde frå CEE-land i 2017 (Migration Policy Institute 2017). Her måtte eg også sjå på tala i forhold til den totale befolkninga i Storbritannia og Nederland, og brukte igjen tala frå verdsbanken (World Bank 2017). Her skulle eg ønske at det var mogleg å hente ut data som gjekk over ein lengre tidsperiode enn 2017, men dette var det ikkje tilgjengeleg. Sidan tala viser prosentandelen innvandringspopulasjonen utgjer i forhold til befolkninga vil det også vise kor stor CEE-innvandringspopulasjonen er i Nederland og Storbritannia i 2017. Dette viser kor mange personar som har innvandra frå CEE-land, og som har blitt ein del av populasjonen i landet.

Data om CEE-innvandring vil hentast frå Migration Policy Institute (2017) som viser innvandringspopulasjonen frå følgande sentral- og austeuropeiske EU-land: Bulgaria, Estland, Kroatia, Latvia, Litauen, Polen, Romania, Slovakia, Slovenia, Tsjekkia og Ungarn. Grunnen til

at eg valde å ta føre meg nokre av desse spesifikke landa er fordi dei post-kommunistiske landa Tsjekkia, Estland, Ungarn, Polen, Latvia, Litauen, Slovakia og Slovenia vart i 2004 medlem av EU (Toshkov & Kortenska 2015:914). I tillegg har eg sjølv vald å ta med Bulgaria, Kroatia og Romania for å få med eit endå breiare bilet av sentral- og austeuropeisk innvandring som ikkje berre dekkjer dei landa som blei EU-medlemsland i 2004. Her møtte eg på ein mangel på data for Nederland sin innvandringspopulasjon i tilfella til Kroatia og Slovenia. Hensikten med å sjå på desse landa kvar for seg er å kunne skapa eit meir detaljert bilet av korleis denne typen innvandring fungerer, i staden for å kun behandle denne typen innvandring på ein heilheitleg måte igjennom å sjå på samla CEE-innvandring.

### **3.3 Forskinga sin kvalitet**

Først og fremst vil eg påpeike at denne oppgåva ikkje søker å utvikle store sanningar for danninga av EU-skepsis som gjeld for EU som heilheit. Det denne oppgåva faktisk undersøker er Nederland og Storbritannia og deira EU-innvandring, og den moglege forklaringa av dei gitte EU-skepsisnivåa. Så denne oppgåva opererer på dette gitte nivået. Kvaliteten til denne oppgåva avhenger i høg grad av landa eg samanliknar, omgrepene eg nyttar, teoretiske perspektiv og data om tillit, innvandring og innvandringspopulasjon. Faktorane her gir føringar for dei fire funna i analysen og korleis desse vidare tolkast. Dette må adresserast og viser til evna oppgåva har til å svara på problemstillinga, som er essensielt for oppgåva sin validitet.

I vegvala til denne oppgåva har eg strukke etter å vera så gjennomsiktig som mogleg: I uthenting av data, teoretiske perspektiv og i tolkinga av funna i oppgåva. Sidan denne oppgåva har ein kvalitativ og samanliknande natur må ein ta høgde for at reliabiliteten til oppgåva vil vera ulik frå ei kvantitativ oppgåve. Som tidlegare nemnt er ikkje dette heller målet for denne oppgåva, men alle vegvala som er tekne har vorte vurdert i lys av korleis det kan gjere funna mine etterprøbare og gjennomsiktige, som er svært viktig for kvaliteten på forskinga.

## **4 Analyse**

I denne delen av oppgåva presenterast hovudfunna i mi forsking, og her skal det undersøkjast korleis Storbritannia og Nederland kan belysa samanhengen om at ein høgare grad av EU-innvandring kan skapa meir EU-skepsis. Her vil det takast med data om EU-innvandring og mål på EU-skepsis frå Storbritannia og Nederland som vil bli analysert og drøfta. Tidlegare i metodedelen har eg drøfta grunnane til at eg spesifikt ville sjå på Nederland og Storbritannia. I teorikapittelet viser eg argumenta som eg syns var viktige i studiet av EU-skepsis, og desse vil

drøstast opp mot statistikk frå Storbritannia og Nederland, som vidare viser korleis EU-innvandring verkar på EU-skepsis i desse to caselanda.

#### **4.1 Presentasjon av caselanda Nederland og Storbritannia**

Nederland har vore medlem av EU heilt sidan den europeiske kull- og stålunionen blei etablert i 1951 (Mikalsen 2018:42) og hadde i 2017, som er det siste året eg analyserer i mitt datamateriale om EU-innvandring, eit innbyggjartal 17 millionar mennesker (World Bank 2017). Nederland har også i følge artikkelen til Toshkov & Kortenska (2015) opplevd merkbar intern EU-innvandring frå austeuropeiske land (2015:910). Landet opplevde ein framvekst av anti-innvandringsparti under det nasjonale valet i 2017 (Geddes 2018:120).

EU-skepsis og Storbritannia har vore mykje i media grunna avgjersla om å trekkje seg ut av EU i 2016 (Clarke, Goodwin & Whiteley 2017:439). Det har sidan landet blei medlem av EU i 1973 (Boriçi 2017:91) vore stor debatt rundt deira medlemsskap, og i 2016 hadde landet ein folkeavstemming der resultatet vart å forlate EU. Storbritannia har ein befolkning på 66 millionar i 2017 (World Bank 2017), så det har ein betydeleg større befolkning enn Nederland.. Toshkov & Kortenska (2015) viser også til at Storbritannia har motteke ein stor mengde CEE-innvandring (2015:915).

#### **4.2 Andre moglege innverknadsfaktorar på EU-skepsis og utfordringar**

Etter denne korte gjennomgangen av ulike demografiske og historiske fakta vil eg gjerne sjå på ulike utfordringar som kan oppstå i forskinga på desse to landa. Eg ønsker i mi forsking å vera varsam med å tolka mine funn som dei einaste faktorane som speler inn på dannninga av EU-skepsis, sidan temaet er breitt omdiskutert og mi oppgåve kun tek føre seg EU-innvandring. Storbritannia og Nederland har forskjellig økonomisk, politisk, sosial og geografisk kontekst som også verkar inn på dette. Landa vil bli drøfta i deira kontekst.


Denne kvalitative og komparative oppgåva har fokuset på å utforska EU-skepsisen i desse to landa og ikkje for heile EU. Oppgåva seier likevel noko om korleis EU-skepsis kan dannast, og analysen har moglegheita til å lyfte fram viktige tematikkar som kan vera overførbare til andre EU-medlemsland. Desse tematikkane kan då vera med på å byggja ein forståing av korleis EU-skepsis kan oppstå eller korleis den artar seg i gitte miljø. Oppgåva forsøkjer også å tidsberekne

når ulike innverknadsfaktorar har resultert i endringar i EU-skepsis, som er ein utfordring i mangfaldet til eit EU-medlemsland.

### **4.3 Analyse av tillit til Europaparlamentet**

Før det kan fokuserast meir direkte på innverknaden EU-innvandring har på danninga av EU-skepsis vil eg først undersøkje tillitsnivåa Nederland og Storbritannia har, som er basert på tala frå Eurostat (2017). Det er i denne samanhengen at ein kan samanlikne dei to landa og sjå korleis EU-skepsisen har endra seg over tid. Tala for tillit er oppgitt i prosentdel av befolkninga som har tillit til Europaparlamentet, på grunn av dette vil ikkje tillitsnivåa bli forstyrra av populasjonsskilnaden deira.

I figur 1 har ein høgare del av befolkninga i Nederland tillit til Europaparlamentet enn i Storbritannia, dette gjeld for heile tidsrommet 1999-2018. Ein anna observasjon er at sjølv om det er forskjell i grad av tillit i Nederland og Storbritannia, så varierer dei to grafane seg etter eit liknande mønster. Der tilliten går ned i Nederland har også Storbritannia fått ein nedgang i sin tillit, berre på sitt lågare nivå. Den eine avviket frå denne tendensen er i åra 2005-2007 der tilliten aukar i Nederland, men har ein nedgang i Storbritannia. Dette er eit tidsrom som blir teke opp i neste avsnitt, sidan ein ser eit samanfallande stup i tillit frå 2004-2005. Samstundes er det også ei endring i tilliten i desse to landa frå 2008-2010 der tilliten går opp i Nederland til 63% i 2010 og ned til 23% det same året i Storbritannia.




Figur 1: Prosent av befolkninga i Nederland og Storbritannia med tillit til Europaparlamentet.

Kjelde: Eurostat (2017).

Eg ønsker å drøfte året 2004, sidan dette er eit år då nye aust- og sentraleuropeiske land blei tekne inn i EU. I følge Salt (2012) var Storbritannia eit av tre land i EU som tillét arbeidsinnvandring med tilnærma open inngang til arbeidsmarknaden, frå dei nyintegrerte austeuropeiske landa (2012:118). Dette kan i vera ein av grunnane til at tilliten til Europaparlamentet sank i Storbritannia frå 2004-2005. Her visast det til eit eksempel for korleis innvandringspolitikken i Storbritannia kan knytast til målte fall i tillit. Jacques (2013) peikar også på 2004 som eit år som viktig for tilliten til EU sidan unionen utvidast til 25 medlemsland (2013:252), deriblant post-kommunistiske land frå Sentral- og Aust-Europa (Toshkov & Kortenska 2015:914). Nederland opplever også eit fall i denne perioden, men tilliten aukar dei to åra etter dette.

#### **4.4 Samanhengen til EU-innvandring og tillit til Europaparlamentet**

Denne oppgåva ser på EU-innvandring korrigert for befolningsstorleiken i dei to landa eg forskar på. Desse tala skal så bli analysert i forhold til målt EU-skepsis, og her ser ein moglegheita til å sjå på EU-innvandring på ein ny måte. I figur 2 ser ein først og fremst at prosentandelen EU-innvandring i Storbritannia er høgare enn i Nederland. Likevel visast det i 2008 at denne EU-innvandringa til desse to landa har vore på eit nokså likt nivå, der Storbritannia låg på 0,32 % og Nederland låg på 0,33 %. Dette viser ei stor endring i EU-innvandring i Storbritannia frå 2008-2017, der prosentandelen på sitt høgaste i 2016 var på 1,63 % i forhold til befolkninga. Nederland har ein mykje meir stabil positiv utvikling som går frå 0,33 % i 2008, til 0,53 % i 2017. Her ser ein store skilnadar imellom dei to landa.



Figur 2: Prosentandel EU-innvandring i forhold til befolkningstal. Kjelder: Statistics Netherlands (2019), Office for National Statistics (2019) & World Bank (2017).

Ein legg merke til at utviklinga av EU-innvandring er meir svingande i Storbritannia enn i Nederland. Sjølv om ein sjølvsagt ser ei auke, legg ein også merke til at EU-innvandringa har gått betydeleg ned til tider i Storbritannia. Ein ser ein meir stabil nedgang frå 2010-2012, og ein kraftig nedgang i åra 2015 og 2017. Ein mogleg grunn bak nedgangen i 2017 kan vera Brexit-avstemminga frå året før. Slike faktorar er viktige å drøfte for slike nedgangsperiodar, men eg vel å sjå vidare på innvandringsprosenten i Storbritannia då den auka som mest i 2008-2010. Her ser ein prosentandelen i Storbritannia går frå eit nederlandske nivå på 0,33 % til heile 1,12 %. Dette er ein betydeleg endring som eg ynskjer å undersøkje.

#### **4.4.1 Funn 1: Nedgang i tillit og auke EU-innvandring i 2008-2010 i Storbritannia**

I tidsrommet 2008-2010 vil verknadane av finanskrisa vera gjeldane som er eit uromoment for EU (Otjes & Katsanidou 2017:305), men i denne oppgåva ligg hovudfokuset på korleis denne EU-innvandringa verkar inn her. I forhold til dette kan ein sjå ein stabil nedgang i tillit i Storbritannia imens tilliten i Nederland går opp med 5 % frå 2008-2010. Samstundes aukar EU-innvandringa betrakteleg i Storbritannia, imens EU-innvandringa i Nederland er stabil, som også Jeanett (2018:1) viser til. I tillegg målast det i 2011, året etter denne kraftige auke av EU-innvandring, det lågaste nivået av tillit i Storbritannia frå 1999 til 2018, med 18 % tillit til Europaparlamentet.

I denne samanheng kan ein drøfte om EU-innvandring speler inn på utviklinga av EU-skepsis i Storbritannia og Nederland, og argumentet til Otjes og Katsanidou (2017) kan drøfte dette. Dei ser på korleis ein høgare grad av innvandring vil gjere den delen av befolkninga som allereie er skeptiske til innvandring endå meir EU-skeptiske (2017:315). Dei forklarar at dette skjer sidan denne innvandringskritiske befolkninga ser på EU som drivkrafta bak dette (2017:305).

#### **4.4.2 Funn 2: Fall i tillit i Nederland i 2011, på tross av stabil EU-innvandring**

Vidare vil eg utforske den stabile EU-innvandringa i Nederland frå figur 2, i motsetning til EU-skepsisen som er målt i landet i 2011. Her finn ein innsikt om forholdet mellom EU-innvandring og EU-skepsis. Det viser seg at tilliten til Europaparlamentet er høgare i Nederland enn i Storbritannia. Likevel er det eit stort fall i tillit til Europaparlamentet i 2011 i Nederland, slik som ein også ser i Storbritannia på denne tida. Ein må då spørje seg om det er mengda EU-innvandring som verkar inn eller om det er nokre andre forklarande faktorar som kan spele inn

her, det er her eg utforskar CEE-innvandring djupare. Sidan EU-innvandring ikkje gir konkrete nok svar for kvifor EU-skepsisen hadde eit samanfallande stup i 2011.


#### **4.5 Kritikk av McLaren**

Problematikken rundt samansetjinga av EU-innvandring vil eg drøfte i lys av McLaren (2001) sitt argument om at befolkninga ikkje skiljer mellom innvandring som kjem frå EU-medlemsland eller eksternt frå EU (2001:81). Her vil eg argumentere for det motsette, ved å vise til Ford (2011) sin teori, som blei nemnt i samspel med Jeanett og Toshkov & Kortenska i teorikapittelet. Han kritiserer europeisk komparativ forsking for å ikkje ha skilt mellom ulike migrantgrupper. Han påstår at det eksisterer ulike haldningar til innvandring ut ifrå kva region dei kjem frå (2011:1033). Dette er vitskapleg interessant for mi problemstilling, og difor har eg vald å ta føre meg EU-innvandring frå ulike sentral- og austeuropeiske land. Dette blei også peikt på av Toshkov og Kortenska (2015) som viktig for danninga av EU-skepsis (2015:910).

##### **4.5.1 Funn 3: Store skilnadar i innvandringpopulasjon frå CEE-land**

Nederland visar seg i analysen av figur 2 som eit land som har hatt ein stabil auke av EU-innvandring, og som differensierer seg frå utviklinga i Storbritannia. Eg ynskjer å gå djupare inn på korleis denne EU-innvandringa er strukturert og sjå trendar for kvar den kjem frå. Det er her kritikken av Toshkov & Kortenska (2015) kjem sidan dei kun viser CEE-innvandring på eit overordna nivå, utan å ta føre seg skilnaden i innvandring ifrå dei ulike CEE-landa. Dette resulterer i eit behov for å utforske EU-innvandring på eit djupare nivå, altså ved å sjå kva innvandringspopulasjonen er frå i Nederland og Storbritannia. Det er også her eg finn mitt tredje funn som går på skilnadane i denne typen EU-innvandring.

I metodedelen blei det nemnt avgrensa tilgang på CEE-populasjonsdata for Storbritannia og Nederland. Denne utfordringa gjorde at statistikken avgrensar seg til året 2017, noko som ikkje er optimalt og er kritikkverdig. Likevel viser innvandringspopulasjonen meir enn EU-innvandringstal gjer for dette året, sidan det viser til storleiken til innvandringspopulasjonen frå dei ulike CEE-landa. Populasjonsdata blei også korrigert for befolningsstorleiken i Nederland og Storbritannia.



Figur 3: Innvandringspopulasjon frå sentral- og austeuropeiske land i prosent av befolkning. Manglar data frå landa Kroatia og Slovenia i nederlandske tilfelle. Kjelder: Migration Policy Institute (2017) & World Bank (2017).

I figur 3 kan ein sjå kor varierande CEE-innvandring kan vera, som ikkje blir tilstrekkeleg uttrykt i forskinga til Toshkov og Kortenska (2015), dette ser eg som kritikkverdig. Storbritannia har ein høgare prosentdel CEE-innvandringspopulasjon i alle landseksempla, med unntaket frå Bulgaria. Polen representerer eit stort spenn mellom dei to caselanda og Storbritannia har ein innvandringspopulasjon frå Polen som er heile 0,6 % større enn Nederland sin innvandringspopulasjon. Skilnadar finn ein også i Romania, Litauen, Latvia og Slovakia, men desse ligg på eit heilt anna nivå enn Polen, som me skal drøfte med danninga av EU-skepsis. Storbritannia sin skilnad i mengde CEE-innvandringpopulasjon kan forklarast i at landet også har høgare grad av EU-innvandring, som vist i figur 2.

Figur 3 kan drøftast ut ifrå Jeanett (2018) sin kritikk av offentleg haldningsforsking for at den ikkje har teke føre seg verknaden av interne migrasjonsmønster har for europeiske haldningsdanningar (2018:3). I eksempelet med Polen vil ein konkret sjå kor stor del dette landet har å seie for CEE-innvandringspopulasjonen i Storbritannia, men også kor stor innvandringa frå landet er i forhold til den interne EU-innvandringa. Ein så stor del av EU-innvandringa som Polen har i Storbritannia kan skapa ringverknadar for korleis befolkninga ser på EU. Spesielt om ein lyfter fram Jeanett (2018) sitt argument om at innvandring er avgjerande for om tankar om EU-medlemsskap blir sett på som gunstig for EU-borgarar (2018:1). Det vil

altså vera mogleg at Storbritannia får uønska konsekvensar for dei store nivåa av polsk innvandring, men dette avhenger av korleis denne typen innvandring blir sett på av befolkninga.

I lys Toshkov og Kortenska (2015) sitt poeng vil høgare grad av CEE-innvandring føre til lågare oppslutting rundt EU. Dette oppstår igjennom at innvandringa blir sett på som ein trussel for befolkninga. Denne prosessen skjer igjennom ein oppfatning av at denne innvandringa tek jobbane til folk, misbruker stønadar og liknande (2015:910). Dette kan tolkast som ein samanheng mellom EU-innvandringa frå figur 2 og figur 1 der Storbritannia har mindre tillit sidan dei har ein større CEE-innvandringspopulasjon.

I Nederland ser ein også store skilnadar i innvandringspopulasjon frå CEE-land sin storleik, der Polen også er sterkt representert. Andelen innvandringspopulasjon er lågare for dei ulike CEE-landa, men dette kan forklara med at Nederland har lågare grad av EU-innvandring (figur 2). Innvandring som skil seg frå resten av CEE-grupperinga, som Polen, kan argumentera for at ha ein liknande effekt som i Storbritannia. Likevel skal ein sjølvsagt ikkje lese denne samanhengen som ein heilheitleg sanning for heile EU, men i tilfella til Nederland og Storbritannia kan dette vera ein del av grunnen til korleis EU-skepsisen veks fram. Spennet mellom nivåa på CEE-innvandring visast når ein ser på tala til Polen i Storbritannia. Polen ligg på 1,32 % og Slovenia ligg på 0,003 %.

#### **4.5.2 Funn 4: Store skilnadar i kvar EU-innvandringa kjem frå**

Ein ser at CEE-innvandringa til Nederland er på eit lågare nivå enn i Storbritannia, likevel viser prosenten av innvandringspopulasjonen i figur 3 at Nederland har betydeleg innvandring frå Polen, men har mindre innvandring frå dei andre CEE-landa. Nederland er eit land som har ein substansiell og godt dokumentert CEE-innvandring (Toshkov & Kortenska 2015:919), likevel er den mindre enn i Storbritannia. Difor er det viktig å drøfte kva type innvandring Nederland har i forhold Storbritannia som kan fortelje om korleis EU-innvandring og EU-skepsis heng saman. EU-innvandring frå andre EU-medlemsland er den største typen innvandring målt 2013-2017 i Nederland (Statistics Netherlands 2018), men kva vil det ha å seie for danninga av EU-skepsis i Nederland?

Dette kan ein svare på i ei tolking av figur 3 og ifrå tala frå Statistics Netherlands (2018), som gir inntrykket av at Nederland får større grad av sin EU-innvandring frå andre land enn landa frå figur 3. Om ein så undersøkjer innvandringspopulasjonen for Nederland i 2017, som er henta

frå Migration Policy Institute (2017), ser ein at Nederland har ein innvandringspopulasjon frå Polen på 126 000. Om ein så utforskar tala frå Migration Policy Institute (2017) vidare ser ein at Nederland har ein større innvandringspopulasjon frå Tyskland, som ligg på 132 000. I Storbritannia er den største vesteuropeiske innvandringspopulasjonen frå Irland, med 402 000. Innvandringspopulasjonen frå Polen ligg på det dobbelte, 874 000 (Migration Policy Institute 2017). Her ser ein at Nederland har ein anna innvandringssamansetjing frå vest-europeiske land som må takast med i drøftinga, i forhold til Storbritannia.

Med dette vil eg drøfte funn 4; Ein ser at det er stor skilnad mellom innvandringspopulasjonen i Nederland og Storbritannia. Det er denne konteksten som er viktig. Det er av betyding kvar innvandringsgruppene kjem frå i EU, i kontrast til kva McLaren (2001) argumenterer for (2001:102). Kva dette har å seie for dannninga av EU-skepsis er noko Ford (2011) viser, han poengterer kva som speler inn på haldninga i befolkninga om migrantar. Her peikar Ford (2011) på at migrantar som har sterke økonomiske, kulturelle og politiske tilknytingar til Storbritannia er generelt føretrekte i forhold til dei som er utan desse tilknytingane (2011:1033). Her nemner også Ford (2011) at haldningane til innvandring kan bli påverka av auka innvandring til landet frå ein spesifikk region, som for eksempel den høge innvandringa frå Aust-Europa (2011:1043) I forsking om EU-skepsis vil ein negativ haldning til innvandring også samanfalle med ein høgare grad av skepsis til EU, argumenterer Otjes & Katsanidou (2017) for i sin artikkel (2017:305).

Dette argumentet vil kunne lyfte fram tanken om at ein stor auke i innvandring frå eit land, som Polen, vil kunne ha effektar for korleis befolkninga ser på sitt lands EU-medlemsskap. Spesielt om ein ser på EU som hovudfaktoren for denne typen innvandring (Otjes & Katsanidou 2017:305). I denne delen av oppgåva har me samanlikna innvandringspopulasjonen i desse to landa, og her ser ein skilnadar innanfor CEE-innvandring. Om ein skulle behandla problemstillinga om korelis EU-innvandring verkar inn på EU-skepsis utan å gå i detalj som har blitt gjort her, ville det ha vore vanskelegare å finne desse utløysande faktorane.

#### **4.6 Oppsummering av funna og deira aktualitet for EU-skepsis**

I denne komparative analysen av landa Nederland og Storbritannia har eg igjennom tre figurar som viser tillit til Europaparlamentet, nivå av EU-innvandring og innvandringspopulasjonen frå ulike CEE-land, skapt eit bilet av korleis EU-innvandring kan verke inn på EU-skepsis. Desse samanhengane har så vorte drøfta i lys av relevant teori frå fagfeltet. Analysen av

Nederland og Storbritannia starta med å først greie ut om konteksten til landa, og vidare sjå på kva andre faktorar enn innvandring som kan spele inn på endringar i EU-skepsis. Vidare blei tillit til Europaparlamentet teke fram og drøfta, som skal attspegle graden av EU-skepsis i dei to landa. Her nemnast trendar for korleis tilliten i Nederland og Storbritannia har endra seg over tid. Sidan ein ser eit fall i tillit hjå begge caselanda i året 2005 drøftast det korleis dette fallet i tillit kan tolkast i forhold til den nye typen EU-innvandring som det opnast for i 2004 (Jacques 2016:15). Dette var det ikkje mogleg å sjå i forhold til EU-innvandringsdata sidan dette ikkje var tilgjengeleg for 2005.

I samhøve med problemstillinga blei det så teke fram ei analyse av EU-innvandringstal der ein såg store skilnadar mellom Storbritannia og Nederland, og her oppdagar ein også oppgåva sitt første sentrale funn. Dette funnet gjekk ut på å tolke skilnaden i tillit for Nederland og Storbritannia i åra 2008-2010, der Nederland hadde ei auke på 5 % i tillit, imens Storbritannia gradvis har fått 4 % lågare tillit. I tillegg oppnår Storbritannia sin lågast målte tillit i 2011 på 18 % tillit til Europaparlamentet i befolkninga. I funn 2 ser ein korleis Nederland med sin stabile EU-innvandring får eit fall i tillit i 2011, dette skapar rom for å grave djupare i kva mekanismar som ligg bak denne EU-innvandringa, og det er dette som fører oss til analysen av figur 3.

I denne delen av oppgåva finn ein at det er store skilnadar i mengde CEE-innvandring (funn 3), og store skilnadar i kva EU-medlemsland som innvandrar til Nederland og Storbritannia (funn 4). Desse to punkta representerer oppgåva sine to siste funn som gjer det mogleg å undersøkje nærmare kva mekanismar som får følger for EU-skepsis når ein får auka innvandring frå eit EU-medlemsland. Her viser det seg ein skilnad i kvar innvandringa kjem frå (Jeanett 2018:1), i korleis haldninga til innvandring kan bli påverka av auka innvandring frå spesifikke regionar (Ford 2011:1043). Dette viser at EU-innvandring har noko å seie for korleis befolkninga ser på innvandring og EU som heilheit.

## 5 Konklusjon


I denne oppgåva har det vorte forska på korleis EU-innvandring verkar inn på EU-skepsis. Igjennom å sjå på data om tillit, EU-innvandring og innvandringspopulasjonen frå sentral- og austeuropiske land, har det vorte funne samanhengar som har blitt drøfta i dei to caselanda, Storbritannia og Nederland.

I åra 2008-2010, då EU-innvandringa auka betrakteleg i Storbritannia, viste tilliten til Europaparlamentet på sitt lågaste i etterkant, i 2011. Nederland hadde i same periode ein meir stabil grad av EU-innvandring, men landet hadde likevel ein kraftig nedgang i tillit i 2011. Dette opnar for å gå djupare inn på kva type innvandring desse to landa har opplevd. Dette fører til oppgåva sitt tredje funn der ein ser store skilnadar i innvandringspopulasjonen for dei ulike CEE-landa. Slik visast kompleksiteten til CEE-innvandring, som er grunnlaget for kritikken av Toshkov og Kortenska (2015). Ei slik generell tilnærming til EU-innvandring vil ikkje kunne vise samanhengar imellom EU-skepsis og EU-innvandring. Oppgåva sitt siste funn var skilnaden i kvar Nederland og Storbritannia får sin EU-innvandring frå, og at dette vil kunne gi ulike kjelder for danning av EU-skepsis i dei to landa. Funna for problemstillinga til oppgåva viser at forskinga på EU-innvandring sin innverknad på EU-skepsis har vore for oppteken av å sjå på større grupper EU-innvandring. Et eksempel er CEE-innvandring, der ein ikkje ser nærmare på kva denne typen innvandring består av.

Det er innlysande at CEE-innvandringa treng ein djupare utforsking for at ein skal kunne seie meir om verknadane denne innvandringa har på EU-skepsis. Med andre ord viser oppgåva til eit rom for at vidare forsking må ta føre seg EU-skeptiske land sin EU-innvandring i lys av kvar denne kjem frå, og må unngå å skapa samleomgrep, som CEE-innvandring, som ikkje viser mangfaldet som eksisterer innan i desse gruppene av land.

## 6 Figurar


### 6.1 Figur 1: Tillit til Europaparlamentet



Figur 4: Prosent av befolkninga i Nederland og Storbritannia med tillit til Europaparlamentet.


Kjelde: Eurostat (2017).

### 6.2 Figur 2: Prosantandel EU-innvandring i forhold til befolkningstal



Figur 5: Prosantandel EU-innvandring i forhold til befolkningstal. Kjelder: Statistics Netherlands (2019), Office for National Statistics (2019) & World Bank (2017).

### 6.3 Figur 3: Innvandringspopulasjon i prosent i forhold til befolkning 2017



Figur 6: Innvandringspopulasjon frå sentral- og austeuropeiske land i prosent av befolkning. Manglar data frå landa Kroatia og Slovenia i nederlandske tilfelle. Kjelder: Migration Policy Institute (2017) &

World Bank (2017).

## 7 Bibliografi

- Baute, S., Abts, K. & Meuleman, B. (2019). Public Support for European Solidarity: Between Euroscepticism and EU Agenda Preferences?. *Journal of Common Market Studies*, 35(1), 1-18.
- Boomgaarden, H. G., Schuck, A. R. T., Elenbaas, M. & de Vreese, C. H. (2011). Mapping EU attitudes: Conceptual and empirical dimensions of Euroscepticism and EU support. *European Union Politics*, 12(2), 241-266.
- Boriçi, G. (2017). The Brexit challenge for Britain and Europe. *ILIRIA International Review*, 7(2), 91-102.
- Clarke, H. D., Goodwin, M. & Whiteley P. (2017). Why Britain Voted for Brexit: An Individual-Level Analysis of the 2016 Referendum Vote. *Parliamentary Affairs*, 70(3), 439-464.
- Duch, R. & Taylor, M. (1997). Economics and the Vulnerability of the Pan-European Institutions. *Political Behavior*, 19(1), 65-80.
- Dyrberg, P., Bjørgan, P. A., Aarthun, T. H. & Sjøgård, P.A. (2015). Internasjonalt arbeid med voldsgift. *Lov og Rett*, 54(01), 3-21.
- Eurostat. (2017, 17. august). Population with trust in EU institution by Institution. Hentet fra: [https://ec.europa.eu/eurostat/tgm/graph.do?tab=graph&plugin=1&pcode=sdg\\_16\\_60&language=en&toolbox=type](https://ec.europa.eu/eurostat/tgm/graph.do?tab=graph&plugin=1&pcode=sdg_16_60&language=en&toolbox=type)
- Evrasti, H. (2008). *Nordic Social Attitudes in a European perspective*. Cheltenham: Elgar.
- Geddes, A. (2018). The Politics of European Union Migration Governance. *Journal of Common Market Studies*, 56, 120-130.
- Jackson, D. (2011). Europe and the Migrant Experience: Transforming Integration. *Transformation: An International Journal of Holistic Mission Studies*, 28(1), 14-28.
- Jacques, N. (2016). *Major changes in European public opinion regarding the European Union exploratory study updated November 2016*. Brussel: European Parliament.
- Jeanett, A-M. (2018). Internal migration and public opinion about the European Union: a time series cross-sectional study. *Socio-Economic Review*, 0(0), 1-22.
- Karner, C. (2013). Europe and the Nation: Austrian EU-Scepticism and Its Contestation. *Journal of Contemporary European Studies*, 21(12), 252-268.
- Kavio-Oja, J. & Lauraéus, T. (2018). The European Mind-set, European Opinion and Economic Developments in 2007-2017: Major Changes of Public Opinion and the European Mind-set in Years 2004-2018. *European Integration Studies*, 0(12), 32-49.

- Lubbers, M. & Sheeper, P. (2005). Political versus Instrumental Euro-scepticism: Mapping Scepticism in European Countries and Regions. *European Union Politics*, 6(2), 223-242.
- McLaren, L. M. (2001). Immigration and the new politics of inclusion and exclusion in the European Union: the effect of elites and the EU on individual-level opinions regarding European and non-European immigrants. *European journal of political research*, 39(1), 81-108.
- Migration Policy Institute. (2017). Immigrant and Emigrant Populations by Country of Origin and Destination. Henta frå:  
<https://www.migrationpolicy.org/programs/data-hub/charts/immigrant-and-emigrant-populations-country-origin-and-destination?width=1000&height=850&iframe=true>
- OECD. (2019, 25. april). Migration. Henta frå:  
[https://www.oecd-ilibrary.org/social-issues-migration-health/migration/indicator-group/english\\_443b6567-en](https://www.oecd-ilibrary.org/social-issues-migration-health/migration/indicator-group/english_443b6567-en)
- Office for National Statistics. (2019, 28. februar). Provisional Long-Term International Migration estimates. Henta frå:  
[https://www.ons.gov.uk/peoplepopulationandcommunity/populationandmigration/internationalmigration/datasets/migrationstatisticsquarterlyreportprovisionallongterminternationalmigrationltimestimates?fbclid=IwAR1yhYoi7N3phCKChkzl87OONOaq6m27FI70drAv\\_v4AKyFvrPLl62OJZXQ](https://www.ons.gov.uk/peoplepopulationandcommunity/populationandmigration/internationalmigration/datasets/migrationstatisticsquarterlyreportprovisionallongterminternationalmigrationltimestimates?fbclid=IwAR1yhYoi7N3phCKChkzl87OONOaq6m27FI70drAv_v4AKyFvrPLl62OJZXQ)
- Otjes, S. & Katsanidou, A. (2017). Beyond Kriesiland: EU integration as a super issue after the Eurocrisis. *European Journal of Political Research*, 56(2), 301-319.
- Roederer-Rynning, C. & Greenwood, J. (2016). The European Parliament as a developing legislature: coming of age in trilogues?. *Journal of European Public Policy*, 24(5), 735-754.
- Salt, J. (2012). The United Kingdom experience of post-enlargement worker inflows from new EU member countries. In Organisation For Economic Co-Operation And Development (Red.), *Free Movement of Workers and Labour Market Adjustment: Recent Experiences from OECD Countries and the European Union*, (117-132). Paris: OECD Publishing.
- Statistics Netherlands. (2018, 22. oktober). Record immigration and emigration in 2017. Henta frå: <https://www.cbs.nl/en-gb/news/2018/42/record-immigration-and-emigration-in-2017>

Statistics Netherlands. (2019, 14. januar). Population and population dynamics by month; 1995-2018. Henta frå:

<https://opendata.cbs.nl/statline/#/CBS/en/dataset/37943eng/table?dl=13CA3>

Toshkov, D. & Kortenska, E. (2015). Does Immigration Undermine Public Support for Integration in the European Union?. *Journal of Common Market Studies*, 53(4), 910-925.

World Bank. (2017). Population, total. Henta frå:

<https://data.worldbank.org/indicator/SP.POP.TOTL?end=2017&locations=NLD&start=2007>

